



Stinn bu på Sanden i dag

**Du har sikkert hørt at det er stinn brakke når frammøtet er stort til dette eller hint. Men i dag har vi opplevd stinn bu - nærare bestemt Martabu på Sanden. Bua der det i gamle dager var butikk skal vera julebu i 4 timar 7 laurdagar framover. Starten var flott med 7900 i omsetnad.**

**Uskedalingane lot seg altså ikkje be to gongar. Dei var tallrikt på plass heilt frå opninga og salet var bra i tillegg til at bua fungerte som ein sosial møteplass.**



[Vinhøne frå Eik](#)

Men enda meir enn oppslutnaden var det grunn til å bli imponert over resultatet av handarbeidet og kreativiteten som utfaldar seg i bygda og som er ukjent for dei fleste. Hyllene i julebua er i ferd med å fyllast av produkt og dette er berre tre tilfeldig valde døme:



Skaft frå oppe i dalen

- \* Vinhøner laga på Eik
- \* Skaft av epletre og bjørk til osthøvel forma som ku oppe i dalen, kulepennar av same virke laga av same person.
- \* Lange strikkestrømper laga på Feet.



Lange strømper frå Feet

Det bør også nemnast at dei strikka sakene er svært fargeglade. I det heile må den strikkande trong vera sterk i bygda, og kreativiteten tilsvarande. Eller kva med strikka påkledning til eple, for å ta eit døme!

Ellers kjem det stadig inn meir, i går til dømes sjal, løparar og tyttebær ,og 20 prosent går til det gode føremål som er hjartestartar i Aktivitetshuset.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen